

Trafikk-/samferdsleprosjekt i Sande kommune

Historikk:

Kommunikasjonar har vore og vert i framtida svært viktig for innbyggjarane i kommunen. Kommunen hadde tidlegar ei trafikknemnd, men den vart lagt ned for fleire år sidan. Vi kjem ofte seint på banen med uttale om ferje- og busstider. Vi har ikkje vidaregåande skule i kommunen og ungdommen treng betre kommunikasjon for å kunne bu heime. Ungdomsrådet har ved fleire høve påpeikt manglande kommunikasjon mellom bygdene og det gjer vanskeleg å utøve felles kulturaktivitetar. Kommunen sine innbyggjarar har ein høg gjennomsnittsalder og mange kan virke betre heime om dei får utført tenester som transport til butikk og helsevesen.

Status:

Mange av samferdslesakene vert bestemt i Fylkeskommunen. Vi treng aktive politikarar lokalt som kan fylje opp saker heile året. Administrasjon arbeider godt med sakene, men ein aktiv politikk frå kommunen trengs meir enn nokon gong.

Oppgåver ein skal arbeide med:

Bussruter, Drosje for buss, ferjeruter, drosjekøyring, heim for ein femtilapp, pendlarrute, gangveggar, hurtigbåtrute/turist, trafikktryggingsplan, hamnesaker og samferdslesaker generelt.

Arbeidsmetode:

Arbeide for eit best muleg tilbod etter innbyggjarane og kommunen sine ynskjer og påverke regionalt (fylkeskommunen) med å ivareta kommunen sine mål. Samhandle med nabokommunane.

Arbeidsform:

Sande kommune opprettar ei prosjektgruppe på 3 eller 5 personar som utfører arbeidet med sakene i samarbeid med administrasjonen. Utvalet innstiller/melder til Formannskapet

Mål: Utvalet skal seinast innan utgangen av 2021 utarbeide eit samferdsle og trafikktryggingsprosjekt for kommunen.

Notat/forslag: Einar Ekroll